

Margrete Vigstadmoen

Nedskriverens navn	Gudbjørg Sørhagen
Adresse	Lom
Fødselsår	1923
Fødested	Skjåk

Er det egne opplevelser som skildres? Nei

Fortellerens navn	Margrete Vigstadmoen
Adresse	Skjåk
Fødselsår	1875
Fødested	Skjåk

Eg er fødd 1875 i Jøingslia i Skjåk. Foreldra mine var Ola Jacobsen. Felodden han var son til Fell-Jacob, eller Jacob Lom som han og vart kalla. Jacob var fødd 1821 og døydd 1874. Kor tid far min var fødd veit eg ikkje, men han døydd 1913. Mor hans Jacob heitte Marit Jacobsdatter Jevnheim og faren Ole Hansen. Dei var ikkje gifte. Far hans vart seinare gift og vart husmann i Marlosunda. Han Jacob vart sett bort på leigd til Hjeltartrædet. Like etter at han Jacob var konfirmert kom han Karl Fant rekande, Jacob gav seg med, og var i lang tid i lag med fantefyllgjet.

I 1848 vart han Jacob gift med Anne Dasgardsøygarden. Dei fekk 5 born 2 gutor og 3 jenter. Den yngste gjenta heitte Kari eller Fell-Kari som ho til daglig vart kalla. Ho var flink med fela, men han Jacob gav ikkje borna sine lov til å låta, for han ville ikkje at dei skulle koma på dei same avvegjar som han sjølv hadde kome.

Ein gong ville mannen på Harsheim gjeva Jacob ein sau dersom han kunne låta 50 springleiker i eit utan og låta opp att den same. Han trudde ikkje at Jacob skulle greia det, men Jacob let, og det over 50 leiker, og sauene fekk han da. Felodden der Jacob slo seg ned var ein liten heim, men forliten til å leva av, så for han da rundt og let. Fela bar han alltid under jakka.

Mor mi hette Margrethe Gregorsdatter Jøringslia, ho døydd da eg vart fødd. Jøringslia var eit bruk som bestefar rudde opp i skogen, nå er det ein pen heim. Eg vart oppalen hjå bestemor og bestefar i Jøringslia. Der var eg til eg var 14 år.

Da eg var 1 ½ år reiste far til Sogn skulle mure eit fjøs på ein prestegard i Jostedalen. Vi hørde ingen ting meire frå honom før eg var 7 år. Da kom det eit brev til farbror min at far skulle reise til Amerika. Og at bestemor skulle laga meg i stand og møta med meg på Fjordingsplassen ved Lindsheim når det var marknad der fyrst i juli, for det eg skulle vera med han til Amerika.

Bestemor laga meg i stand, kor nødig ho enn ville det, og møtte med meg. Men far kom ikkje. Seinare hørde vi at han var i Amerika der han vart gift att og hadde 12 born. Eg har fotografi av dei alle. Han skulle vera med i eit stort Amerikansk orkester har eg høyr. Det er fortalt meg at han har vore i Oslo at ein gong og.

Da eg var 14 år vart eg med bestemor til Anstad? som budeie, der vart vi i 5 år. Bestemor heitte Anne. Vi låg i fjøset heile tida, men det var ikkje lang kvila. Vi sat og spann til klokka 11 om kvelden, og stod opp att når hanen gol om morgonen, da var klokka som regel 4. Eg hadde fulle klæde, 2 par sko og lite ull og 20 kroner for året. Eg trur bestemor hadde 50 kroner og halve klæde for året, du veit det var ho som hadde ansvaret. Løna auka ikkje på den tida eg var der. Eg veit det var så mykje snø dei vintrane og eg gjekk og vassa i snøen og bar vatten til eg var blaut heilt oppi livet. Bukse hadde eg aldri i den tida, og klæda ellers var og dårlige så huda sprakk sund på låra mine av di eg fraus.

Eg vart gift med Kristen Vigstadmoen. Han var fødd i 1854 og død i 1936. Vigstadmoen var husmannsbruk under søristugun Vigstad til i 1918 eller 1919, da fikk vi kjøpt det.

Plikta på bruket var med onnene stod på om sumaren. Vinterstida var det inga plikt. Vigstad hadde sæter på Billingen og eg veit dei sumrane han helt på der 1 månad før han fekk slege og turka inn høyet. Det var kontrakt på bruket, men ho var ikkje tinglesen. Vi hadde 1 ku og nokre sauer, det var det heile.

Far til mannen min, Øystein Haugen hadde bygt stova der. Kor tid det var veit eg ikkje, men han var og husmann der ei tid. Stova hadde tri rom. I 1817 var fjøset bygt og det er det som står den dag i dag. Låve var det ein liten ein, men ettersom vi har arbeidt opp jorda har han vorteforliten, så han er stelt på mange gonger.

Ein som heitte Ola Vigstad, eller gammel Vigstadmoen, som han til daglig vart kalla, (han var sogning). Hadde plassen før far til Kristen. Da var det berre ei lita stove med 1 rom. Men han hadde ofte dans her. Da stod han ved skorstein med tyrispik og lyste og hulla og ungdomen dansa.

Vertsfolka våre var Tor og Kari Vigstad. Eg var pliktig til å skjera 40 treva om hausten, men eg fekk 7 born. Så det vart nå Kristian? som vart ved det og. Det var slik at var vi t.d. og skar på garden ei veke så fekk vi sundagsmiddagen. Ellers var vi aldri bedne dit.

Ved fekk vi ta i ein teig som var utvist til husmannsteig. Da vi fekk kjøpt bruket fylgde skogteigen med.

Eg trur vi hadde to senger. Sengene var stutte, så ein måtte nesten sitja med ein sov. Det heittest at liggja skulle ein fyrst gjera når ein kom i grava.

Eg spann og batt mykje for folk. Eg fekk 4 kroner kiloet for spinninga. Men så var det ein gong eg såg i eit blad om ei som hadde teke 8 kroner kiloet, da la eg på lite. Men eg veit ein gong eg spann for ei krone. Mannen kom og henta det att. Eg trur det var 5 kroner kiloet eg forlangte. Da sa han: "Vi kan nå spinne sjølve og når du vil ha så mykje for arbeidet.

Om vinteren dreiv Kristian skomakerarbeid. Han hadde 4 kroner for å arbeida eit par støvler som nådde til knea. Og var dei ikkje heilt tette så fekk han ikkje noko for arbeidet. Han hadde ikkje maskine så alt var handarbeid. For å halvsåla eit par sko fekk han 50 øre. Men vissaste betalinga for halvsåling var fjerdedelen av ei mork kaffe og nokre sukker biter. Og var det nokon som hadde riktig god råd så fekk han kaker til. Det var helst slikt som ferdmennene hadde kjøpt med seg hjå bakaren i Vaagaa.

Vi vart ofte mjølkelaus lang tid, men det hende aldri at vi fekk noko mjølkespann på Vigstad. Men vi fekk kjøpt, da var det 7 øre literen for nysilt og 3 øre literen for skumma. Det var det ikkje så mykje vi hadde råd til, og i stalle for mjølk bryggja eg så øl som vi brukte. Når eg bryggja gjekk eg fram såleis: Eg tok fyrst ein stor trekopp som vi kalla gilkeret. Så tømte eg maltet oppi der. (Nedskrivaren har før forklart korleis ein malta korn) Så tok eg ei gryte la einer (brisk) oppi tømde på vatten og kokte det opp til den såkalla einlog. Når det var kokt tømde eg "logen" over maltet. Når eg tømde på fyrste gryta vart veta heilt søt som sukker. Så auka eg på med einlog til det vart passande søt og tjukt. Dette vart kalla meiskeleg. Når dette hadde stått ei stund, så tok vi ein ny trekopp med tri stetter under, dette vart kalla stette. Fyrst la ein der einer i botnen (I botnen var det birhane? til å tappa ølet ut om) så halm. Rengde så ein rein stridsekk nedpå som nådde heilt nedi halmen. Tømde så meisket oppi der auka på med einerlog, og silte det. Tappa det opp i ei gryte, kokte det opp att og tømde det på nytt opp i gilkeret. Når det så vart passande kaldt var det og ha på "ivigang" (gjær). Det var gjær som vi hadde fløytt av føre gongen vi laga øl. Med den gjæren gjekk vi såleis fram: Vi tok ein trekopp la halm i botnen og eit reint klæde opp i der. Fløytt så gjæret opp i der slik at væta rann av. Så hengde vi kluten opp til turkings til neste gong. Når vi skulle bruka det att tok vi det som var i kluten, hadde det i ein trekopp og bløytt det opp i vatten da var det ikkje lenge før det gjæra.

I fyrstninga eg hugsar reiste dei på sætra tidleg om våren og gav opp sæterforet, dei tok det ikkje heim.

Her er nokre vers av ein sang som Brit Sulheim i Lom skreiv til Rasmus Andvord: (I beretningen frå Regine Marstein, Lom står 1 vers av same sangen)
Med skjelve hand og ett bedrøvet hjerte jeg skrive vil i dag enn avskjedsang, til mann til fødested og ungdomsvenner. Farvell jeg sige må får sistegang.

Nu må jeg reise bort fra eder alle. Og aldri mer komme her igjen.
Men jeg tålmodig bære vil min skjebne og håpe fast på Gud i himmelen.

Akk Rasmus når du vandrer ut i lunden da kast et blikk på blomstene der står. Du ser vor deilige di er opprunden, å tenk hvor hastig disse snart forgår.

Der står enn blomst forglemmigei den heter når du den ser du vist vil elske den. Men tenk når høstens kalde dager kommer da falmer den og visner bort igjen.

Det var meire og av denne sangen, men eg hugsar ikkje meire.

Bestemor, mor til mor, var budeie i Bakkeåsen da ho var ein 18 – 20 år. Ho måtte gjæta kyrne for ulven. Da såg ho ofte ei hulder som og gjekk og gjætte kyrne sine. Ho hadde blå stakk, ruta liv og kvit skjorte. Bestemor lærde denne sangen av hundra:
(Sangen vist fyrst nedskriven på Skjåkmål, til slutt oversett)

Stakkar æ du kãm nå Svangros kãm nå Fefru kãm Bli'ros.
Kãm så læt åss heim på kvee, kãm så lat åss gå vår kos. Æ dø ikkje
någã dær heill. Ka ska åss gjera tã åss da. Ikkje æ dø någã æta um
åss fær i kvar ein dal.

Trøstø, bærø me får være krytyre fæ nå svelta i hæl. Gjeit å sau sām e ha passa um e skullø næmnø fe. Um e går å hua i fjelle så e dø ingon sām svårå me.

Stakkar er du, kom no Svangros, kom nå Fefru kom Blidros. Kom så lat oss heim på kvea, kom så lat oss gå vår kos. Er det ikkje noko der heller, kva skal vi gjera av oss da? Inkje er det noko eta om vi fær i kvar ein dal.

Trøstø, bærø, me får være krytyre fæ nå svelta i hæl. Gjeit å sau sām e ha passa um e skullø næmnø fe. Um e går å hua i fjeille så e dø ingon sām svårå me.

Stakkar er du, kom no Svangros, kom no Fefru kom Blidros. Kom så lat oss heim på kvea, kom så lat oss gå vår kos. Er det ikkje noko der heller, kva skal vi gjera av oss da? Inkje er det noko eta om vi fær i kvar ein dal.

Trøste og betre meg får været krøtera fær nå svelta i hjel. Geit og sau som eg har passa, om eg skulle nemna fe. Om eg går og hua i fjellet så er det ingen som svarar meg.

Bestemor tala aldri med huldra.

Største morroa vi hadde i min ungdom var når vi var samla til gjentelag. Hus hadde vi på ymse gardar og husmannsplasser bygda rundt. Gjentene helt kaffe og mat, og gutane betala spelmannen. Og så dansa vi til dumba? dreiv.

Det er mangt eg hugsar både av godt og vondt. Den 13de mars 1913 gjekk det med 13 menneskjer i snøskred i Skjåk. Det var dei to gardane Skjåkøygarden og Eiesar som vart sletta heilt ut. Eldste son min han Øystein var med den natta og grov fram dei døde.

Det var styggever i lang tid den gongen. Ein gut frå Eiesar tente på ein gard på andre sida. Den kvelden ville han heim, dei åtvara han, men han gjekk likevel, og skredet tok han og.

Eg hugsar han gamle Kristen Kjørren, mannen på grannegarden. Han gjekk heilt over til Stryn etter korn. Det var uår og frost i Skjåk og han hadde kone og mange born som helt på å svelta i hjel. Han fekk tak i ½ tunne korn og eit kjiippe med turrfisk, og det bar han heim att på ryggen.

Bestemor mi Anne Jøingslia var syster til Skreddar-Tor som var bestefar til diktaren Tor Johnsson i Lom!

(I parantes vil nedskrivaren føya til at forteljaren er uvanleg god til å syngja dei gamle viser, og hulla dei gamle leiker etter han Fell-Jacob).